

Satsar på Stord og Fjordsteam

13.04.2012



Uskedelingen Harald Sætre er ein føregangsmann på Vestlandet når det gjeld fartøyvern. Til dømes har han i mange år vore bærebjelken i bladet Dampskibsposten her på Vestlandet.

Men no har han trukke seg frå denne jobben fordi han ynskjer å konsentrera seg om å jobba meir aktivt med Stord I og Fjordsteam-stemnet



Stord ! i Odda, fotografert av Harald Sætre

**Stord er bygd i BERGEN og
båten er 100 år neste år**

Det er ikkje for mykje sagt at han er hjartebarnet til Harald, som sit på ein strategisk plass ombord på biletet her. I siste nummer av Dampskibsposten kan ein lesa at annan gongs restaurering er inne i nest siste etappe.

Siste etappe blir kommande vinter og skuta skal vera så å si klar til 100-årsjubileet. Der har vore eit formidabelt prosjekt med bakgrunn i at det er tufta på frivillig basis og innsamla midlar. i den seinare tid, på Hardanger fartøyvernsenter, har det omfattande restaureringsarbeidet halde fram. <fleire lugarar på hovuddekket er klårtgjort og panelt. Dekket er lagt og ny steamrør er lagt til vinsjanne.

Sætre skriv at båten i mange år etter krigen var eit kjent om ikkje alltid kjært innslag i Hardanger, faktisk 10 år samanhengande i Oddaruta. Hardingane måtte ta til takke med gamledampen medan sunnhordlendingane hadde fått den staselege båten med distriktet sitt eige namn på. Stord vart rista i meste laget av dei 2 dieselmotorane og båten vart ikkje populær som motorskip.

Han blir kanskje meir populær i det nye livet sitt.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Olav Bringedal